

# Årsmelding 2023

Norheimsund Hamneutvikling SA er eit partlag skipa 11.03.2004 der 184 parthavarar har skote inn til saman kr 630.000 i partskapital. Føremålet er hamneutvikling og drift av gjestehamn i Norheimsund. Førrige ordinære årsmøte var 31.01.2023. Her fylgjer årsmelding for det 20. driftsåret, 2023:

## 1. Styret

Styret har vore: Hallvard Bjørgum, Stein Pedersen, Olav E. Sandven, Eivind Tysse og Geirmund Storaas (leiar). Styret har halde 5 møte i 2023 og handsama 22 saker.

## 2. Norheimsund GjesteHamn

GjesteHamna er populær og i god drift. Vinteromsetninga er basert på månadsleige og gjekk ned frå frå kr 143 tusen i 2022 til kr 138 tusen i 2023. Den oversjøiske trafikken er attende og me har båtar frå Latvia, Færøyane, Frankrike, England og sjølv sagt Noreg liggjande i vinter. Denne vintersesongen er god. Sommarsesongen juni, juli og august er basert på døgnleige. Inntektene auka frå kr 196 tusen i 2022 til kr 278 tusen i 2023.

## 3. Norheimsund Rib Seafari

2023 var den femte sesongen med RIB. Med bakgrunn i god etterspurnad og inntening vedtok styret å kontrahera RIB nr 2 av same type som den fyrste båten. Total investering var lånefinansiert kring kr 1,6 mill. Båten vart levert i august og kom ikkje i full drift i sesongen. Likevel auka billettsalet frå kr 880 tusen til kr 1.010 tusen. Rib-prosjektet har vore ein stor suksess som er populært blant publikum og gjev likviditet til laget sin kasse. Kombinasjonen av dugnad og leigde skipperar fungerer godt, og optimismen rundt drifta er stor.

## 4. Bota Bunkers

Oljekaien "Bota Bunkers" kom i drift 03.10.2020. Me har hatt tre fulle sesongar. "Bota Bunkers" er vorte ein miljøfaktor og eit trekkplaster for Norheimsund.

## 5. Dugnad og personal

Laget vert drive på dugnad, men cox på rib på dagtid i sesong og noko vask og vedlikehald vert betalt. Styret vil særskilt nemna bås Bjarte Nygård og tømmermann Svein Petter Bårdsgjære. Dei syter for nær sagt dagleg oppsyn med anlegget. Dei siste åra har laget arrangert lunch for dugnadsjengen og andre kvar dag kl 1130 i messa.

## 6. Økonomi

Omsetninga var i 2023 kr 3,5 mill mot kr 3,3 mill i 2022. Overskotet var kr 33 tusen mot kr 120 tusen i 2022. Me sit att med eit lån på kr 3,15 mill etter dei siste åra å ha investert kr 2,9 mill i rib og kr 2,5 mill i oljekai. Total eigenkapital er kr 1,991 tusen. Med framleis stor dugnadsinnsats meiner styret at økonomien er under kontroll.

## 7. Takk

Norheimsund Hamneutvikling SA seglar i medvind og er vorte ein viktig bidragsytar til trivnad på heimplassen vår. Utan dei 184 parthavarane som gjennom kjøp av ein eller fleire 1000 kr-partar har gjeve laget kr 630 tusen i partskapital, og alle andre som bidreg med godvilje eller praktisk innsats ville ikkje dette vore mogeleg. Ein stor takk til alle.

Norheimsund, 30.01.2024

Styret

Hallvard Bjørgum, Stein Pedersen

Olav E. Sandven, Eivind Tysse

Geirmund Storaas (leiar)

*Geirmund Storaas*